

Romanifolkets/taternes rådgivningstjeneste
Postboks 9339 Grønland
0135 Oslo

Oslo, 4. juni 2020

Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Høyringsvar – utkast til rapportering på råmekonvensjonen

Rådgivningstjenesten viser til høyringsbrev og utkast til *Norges femte rapportering på Europarådets rammekonvensjonen om beskyttelse av nasjonale minoriteter* frå 8. mai 2020.

Utkastet er heller sparsamt på opplysningar som gjeld romanifolket/taterane, og når dei kjem, kjem dei gjerne i ålmenne vendingar. Me ynskjer difor å gje merknader til utkastet, der me meiner at Departementet lyt gjera ei nøgnare utgreiing. Me følgjer tilrådingane frå Ministerkomiteen, og merknadene til desse frå Departementet, slik dei følgjer i utkastet (tilrådingane er sette i tekstboks).

«DEL II Tiltak for å følge opp hovedfunn»

umiddelbart ta tilstrekkelig tak i problemene som ble identifisert i tater-/romaniutvalgets rapport fra 2015 om assimileringsspolitikk overfor minoriteten tater/romanifolk ved å gjennomføre effektive tiltak for å gjenoppbygge tillit, blant annet ved å øke bevisstheten om anerkjennelse av det offentliges ansvar; utvide kunnskapen om denne minoriteten og oppmuntre til dialog i samfunnet, med myndighetene og samfunnet som helhet;

Departementet viser her til etableringa av ei referansegruppe for oppfølging av NOU 2015: 7 og at den kollektive oppreisninga er lagd under statsforvaltninga (Kulturrådet). Departementet nemner ikkje «tiltak for å gjenoppbygge tillit».

Departementet har ikkje reint språkleg endra det overordna føremålet til den kollektive oppreisninga under den nye ordninga, jf. *forskrift om ordningen for kollektiv oppreisning til romanifolket/taterne* § 1. Departementet har gjennom ulike føringar til Kulturrådet likevel endra det reelle innhaldet i føremålet. Me viser til at Kulturrådet har uttalt at dei har merkt seg at føremålet under nye ordninga er snevrare enn under den gamle, jf. Innst. S nr. 250 (2003-2004). Mellom anna legg Kulturrådet til grunn at rettshjelptiltak, tiltak av politisk karakter og tiltak som styrkjer evna til å organisera seg, fell utanom ordninga.

Departementet har det siste året uttalt seg skiftande og motstridande om det reelle innhaldet i føremålet. Me kan nemna at Departementet i høyringsutkastet til forskrifta om den nye ordninga sette forbod mot tilskot til drift/tiltak av meir varig karakter. Framlegget møtte brei motstand, mellom anna: «*Helsingforskomiteen meiner at dette kan være for strenge og kontraproduktive krav. Ved normalt bare å støtte ettårige prosjekter, vil en kunne*

gå glipp av større prosjekter som kan ha mer varig virkning.» (15. august 2019)

Departementet tok i den fastsette forskrifta bort forbodet, men rådde seinare Kulturrådet til å likevel ikkje gje tilskot til drift.

Me bed Departementet greia ut om:

1. det reelle innhaldet i føremålet til den kollektive oppreisinga under den nye ordninga, om det er endra, og om rettshjelptiltak, tiltak av politisk karakter og tiltak som styrkjer evna til å organisera seg, er til hinder for forsoning og realisering av råmekonvensjonen, mellom anna artikkel 4 2. lekken og artikkel 15.
2. arbeidet i referansegruppa for oppfylgging av NOU 2015: 7, herunder kva mandat gruppa hadde, kva konkrete tema gruppa tok opp, korleis Departementet plukka ut medlemene til referansegruppa og kor representative dei var for folkegruppa.

øke innsatsen for å bevare og utvikle den kulturelle identiteten til tater/romanifolk og rom ved å bekjempe diskriminerende holdninger til deres reisende livsstil og ved å legge til rette for tilgang til utdanning; sørge for at det – når det er mulig – benyttes alternative tiltak til plassering av barn utenfor hjemmet, og at plassering utenfor hjemmet er siste utvei; intensivere innsatsen for å bevare familiebandene og den kulturelle identiteten til barn som plasseres i fosterfamilier, blant annet gjennom rekruttering av fosterfamilier som tilhører samme minoritet, samt fremme en bred forståelse av romsk kultur i barnevernstjenestene;

Veiledningstjenesten til romanifolket/taterne og Taternes landsforening har peikt på at taterbakgrunn er brukt mot foreldre i barnevernsaker. Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) har opplyst at dei kjenner til slike tilfelle.¹

Me bed Departementet greia ut om korleis sentrale/nasjonale styresmakter korrigerar slik praksis. Me legg til grunn at dei sentrale styresmaktene ikkje kan venta at dei aktuelle kommunale barneverna kan korrigera eigen praksis.

Bufdir fører korkje statisikk over talet på fosterheimar med taterbakgrunn eller omsorgovertakingar i saker med born med taterbakgrunn. Det er difor ikkje mogeleg å vita korleis dei overordna intensjonane om rekruttering av fosterfamiliar faktisk materialiserar seg. Lova er ikkje til hinder for registrering av entisitet når gode grunnar talar for det, t.d. når slik registrering knyter seg til rekruttering av fosterfamiliar frå same minoritet som borna.

Me bed Departementet greia ut om korleis avvika frå intensjonane kan indentifiserast utan handfaste tal.

«DEL III Ytterligere tiltak for å gjennomføre rammekonvensjonen»

¹ – Taterbakgrunn brukes mot foreldre i barnevernsaker, TV2/A. Øyhovden [publisert 25.11.2019]: <https://www.tv2.no/a/10996210/>

22. [...] Myndighetene bør også yte fri rettshjelp slik at ofre kan føre diskrimineringsaker på etnisk grunnlag kan føres for rettslige og administrative organer.

Veiledningstjenesten til romanifolket/taterne var eit gratis rettshjelpstiltak, og var det einaste som hadde særleg kunnskap om romanifolket/taterne. Sakene galdt mellom anna rettsferdvederlag og diskriminering. Departementet gav sjølv Veiledningstjenesten god omtale i 2018. Telemarksforsking meinte i sin rapport at Romanifolkets/taternes senter var eit viktig tiltak for folkegruppa på fleire område:

«I forbindelse med avviklingen av kulturfondet forsvant senteret som var opprettet for å bistå romanifolket/taterne i saker som gjelder deres mulighet til å hevde medbestemmelse i politikken som gjelder dem selv, hevde individuelle krav om oppreisning osv. Basert på det empiriske materialet, mener vi dette er et viktig tiltak som bør gjenopprettes i samband med delegeringen av forvalteransvar for kulturfondet til Kulturrådet.» («Kulturell berikelse – politisk besvær» 2019 s. 91)

Veiledningstjenesten fanga opp mange av dei som ikkje hadde tillit til det ordinære hjelpemiddelapparatet. Etter saktmengda til Veiledningstjenesten er det truleg like mange personar mellom taterane/romanifolket som mellom romfolket, som treng hjelp med særskilte samansette problemstillingar, endå desse personane er ein mykje mindre del av taterane/romanifolket.

Då Romanifolkets/taternes senter, som Veiledningstjenesten den gongen var ein del av, miste finansieringa i 2016, prøvde Veiledningstjenesten å hjelpe klientane til å kontakta andre rettshjelpstiltak eller advokatar. Då Veiledningstjenesten gjekk gjennom sakene i 2020, viste det seg at mange av klientane ikkje hadde fått hjelp, hovudsakleg på grunn av vantande tillit.

Departementet ville ikkje gje tilskot til Veiledningstjenesten under den mellombels ordninga for den kollektive oppreisninga (frå 2017 til 2019). Kulturrådet avgrensa seg til å gje tilskot til kurs i handtering av gjeld og avvika klienttilhøva.

På møte 2. mars 2020 gjorde Veiledningstjenesten greie for problemstillingane andsynes *Europarådets kommisjon mot rasisme og intoleranse* (ECRI).

Me bed Departementet greia ut om rettshjelp fell innanfor føremålet til den nye ordninga under Kulturrådet.

41. Rådgivende komité oppfordrer myndighetene til å umiddelbart, på en tilstrekkelig måte og i nært samråd med minoritetsrepresentanter, behandle problemene som er identifisert i utvalgets tater/romaniutvalgets rapport. For dette formålet bør myndighetene gjennomføre effektive tiltak for å gjenoppbygge tillit, blant annet ved å øke bevisstheten om anerkjennelse av det offentlige ansvar, å utvide kunnskap om denne minoriteten og oppmuntre til dialog innenfor samfunnet, med myndighetene og med storsamfunnet.

42. Komiteen oppfordrer også myndighetene til å anerkjenne virkninger, overført mellom generasjoner, av tidligere tiders traumatiserende politikk når det gjelder assimilering, og til å forbedre forståelsen av diskriminerende mønstre som fortsatt påvirker taterne/romanifolket. Taternes/romanifolkets tilgang til eksisterende oppreisningsmekanismer som for eksempel Likestillings- og diskrimineringsombudet, og smidig forvaltning av Romanifolkets/taternes kulturfond som et middel til å fremme minoritetskulturen og språket, bør forbedres.

Departementet viser mellom anna her til arbeidet med ny stortingsmelding om nasjonale minoritetar som etter planen skal leggjast fram i 2020 og at romanifolket/taterane skal involverast i arbeidet med den kollektive oppreisinga under Kulturrådet.

Stortingsmelding om nasjonale minoriteter:

Departementet etablerte eit ungdomspanel med representantar frå alle dei nasjonale minoritetane, som skulle gje innspel til arbeidet med ny stortingsmelding om nasjonale minoritetar, jf. utkastet til rapportering på språkpakta. (s. 33) Ungdomspanelet har berre hatt eitt møte (januar 2020), og Departementet har ingen konkrete planar om nye møte. Etter det opplyste har opplegget skapa misnøygje hjå medlemene.

Tilfellet tykkjest målbera ein praksis heller enn eit undantak. Telemarksforsking tok opp i sin rapport at minoritetane er lite nøgde med korleis dei vert involverte når politiske dokument skal utarbeidast, og brukar referansegruppa for *Målrettet språkplan for kvensk språk* som døme. Som ein informant seier:

«Jeg er med i referansegruppa for målrettet språkplan. Arenaen der har ikke vært så vellykket. [...] Der har vi hatt ett møte, men de visste ikke hva de skulle bruke gruppa til. Det var liksom et orienteringsmøte om andre saker som KMD jobber med. Gruppa hadde ingen mandat. Jeg frykter at arbeidet ikke fører fram. Det oppleves som at vi har møter for da kan det krysses av at de har hatt det, men det leder ikke fram til noe.

Referansegruppa for handlingsplan har heller ikke fungert særlig bra. Vi fikk ikke saker på forhånd og da er det jo vanskelig å forholde seg til en sak.» («Kulturell berikelse – politisk besvær» 2019 s. 45)

Me bed Departementet greia ut om korleis dei nasjonale minoritetane har vore involverte i arbeidet med ny stortingsmelding.

Den kollektive oppreisningen til romanifolket/taterne:

Etter § 2 i *forskrift om ordningen for kollektiv oppreisning til romanifolket/taterne* skal fagadministrasjonen i Kulturrådet åleine gjera vedtak. Kulturrådet har i 2020 gjort opptak til etablering av ei faggruppe (referansegruppe for ordninga). Romanifolket/taterane (dei to organisasjonane som mottok driftstøtte) har oppnemningsrett til 1/3 av medlemene til faggruppa. Kulturrådet har sjølv vore ærlege på at opplegget i seg sjølv ikkje stettar krava til medverknad etter artikkel 15 i råmekonvensjonen.

Me bed Departemenet greia ut om korleis intensjonane i artikkel 15 skal kunna nåst under den nye ordninga.

Vyrdsamt
Romanifolkets/taternes rådgivningstjeneste

Sergej A. Munkvold
styremedlem